

FJELLVARSEL

INFORMASJON FRÅ FJELL VATN, AVLØP OG RENOVASJON AS • NR. 2 • JUNI 2018

rein vekst

TIL ALLE HUSSTANDAR I ØYGARDEN KOMMUNE



MED TØMME-KALENDER
JULI - DESEMBER



Foto: Rune Sætre

«Vi vil gjere alt for å levere gode tenester - og gler oss til fortsettinga»

Bjarne Ulvestad
Daglig leiar FjellVAR AS

FjellVAR overtok frå 1. mai 2018 drifta av VAR-tenestene i Øygarden kommune. Vi er glade for å bli kjent med nye anlegg og nye kundar og vi vil gjere alt for at folket i Øygarden skal få levert gode tenester.

Allereie i mai hadde vi open gjenbruksdag i Kollsnes næringspark i samarbeid med Norsk gjenvinning. Dagen var ein suksess med svært mange vitjarar og det var eit godt møtepunkt for oss i FjellVAR å treffe innbyggjarane.

Vi har starta utskifting av dei mindre innsamlingseiningerne for glas og metall og setter nå ut igloar som skal nyttast til dette. Framover vil det skje fleire utskiftingar og endringar, som vert informert fortløpande. Last ned FjellVAR- appen så får du informasjonen med ein gong det skjer endringar knytt til renovasjon.

For å sikre god drift av vassverk og leidningsnett er det tilsett to nye operatørar. Desse skal sikre stabil og forutsigbar drift av anlegg for vatn og avløp.

I samband med fakturering av vatn, avløp og renovasjonsgebyr blir rutinene lagt om litt. Frå november vil faktura kome frå FjellVAR. Då er det eigar av bygningen som vil få faktura. Eventuelle leigetakar vil ikkje lenger bli fakturert.

Vi gler oss til fortsettinga!

Kva skjer med avfallet?

Vi sparer frå 60 til 90 prosent energi ved å gjenbruка og gjenvinna materialar, samanlikna med å produsere nytt. Det er derfor svært viktig at alle husstandar kjeldesorterer.



Matavfall

Matavfall vert kasta i beholder med brunt lokk i nedbrytbare bioposar eller papirposar fra FjellVAR

Papir og papp

Papir, papp og trykksaker vert kasta i papirbeholderen med blått lokk.

Plastemballasje

Plast vert levert i retur-sekk for plast og vert sett ut samme dag som papirspannet tømmes.

Restavfall

Restavfall vert kasta i grønt bosspann.

Glas- og metall-emballasje

Glas- og metallemballasje vert levert i våre igloer på returpunktene

EKSEMPLAR PÅ AVFALL

Matrester

Aviser

Plastposar

Tilgriset papir og plast

Glassflaskar

Kaffegrut

Magasiner

Ketshupflaskar

Gåvepapir

Syltetøyglas

Tørkepapir

Kopipapir

Rømmebeger

Parfymeflaskar

Potteplanter

Drikkekartong

Plastkanner for vaskemiddel

Ting sett saman av ulike material

Barnematglas

Pizzaesker

Påleggsemballasje

Vinflaskar i glas

Papp

Plasposar til frukt og grønt

Ølflaskar i glas

Isopor

Brusflaskar i glas

DETTE SKJER MED AVFALLET

Av matavfallet lages det biogass og gjødsel. Det er difor svært viktig at det ikkje vert kasta plast eller anna uorganisk materiale i matavfallsdunken.

Av papir, papp og kartong vert det laga nytt papir. Alt som vert samla inn går til sorteringsanlegg der aviser, kartong, magasiner og papp vert optisk sortert.

Plast vert smelta om til ny plast. Sekkene frå hushaldninga inne-held fleire typer plast og vert seld i bulk for seinare sortering på anlegg. I 2018 går plasten til anlegg i Tyskland på avtalen til Grønt Punkt Norge.

Restavfallet vi henter hos hushaldningane vert køyrd rett til BiR sitt forbrenningsanlegg i Rådalen. Der vert det brent og energien nytta til fjernvarmenettet i Bergen.

Glas- og metallemballasje vert samla inn og sendt til Fredrikstad for finsortering. Resirkulert glass brukes som råstoff til både skumglass og isolasjon, og eksporteres til glasverk i Europa der det lages nye glassprodukter.

Metall er blant materialene som er lettast å gjenvinne. Mykje av metallt som er i omløp i nye produkt, har vert smelta om fleire ganger. Innsamla metallemballasje selges til smelteverk som produserer nye metallgjenstander som spiker, skruer, binders, hageredskaper, emballasje, bilfelger og sykkeldeler.



EE-AVFALL OG FARLEG AVFALL

Dette er avfall som ikkje skal i vanleg boss. EE-avfall og farleg avfall leverer du på gjenbruksstasjonen. Døme på slikt avfall er elektronisk avfall og farlege kjemikalier som måling, lim, lakk, olje, sprayboksar, alle typar batteri, plantevernmiddelet og lyspærer.

SKO OG TEKSTILAR

Sko og tekstilar kan gis til Fretex. De tar imot alt av kassert tøy, tekstilar og sko så lenge det er reint og tørt. Nokre av tekstilane blir nytta til andre formål, mens mykje av kleda og skoa blir seld vidare både i inn- og utland.

IKKE kast ting i do!

Bosset som blir kasta i toaletta er blitt eit stort problem som kostar, dykk som abonnentar og miljøet, mykje pengar. Ekstra reinseutstyr må monterast i avløpsanlegga for å fjerne bosset. Dette er svært dyrt utstyr som kunne vore spart dersom folk ikkje kastar boss i toalettet.

Havet starter ved ditt toalett. Hjelp oss å unngå forsøpling av naturen.

Våtserviettar, Q-tips, bleier, bind, vaskefiller, bomulldottar, matrestar etc. skal ikkje i toalettet. Dette er boss som skal kildesorterast og som i vertse fall blir å finne att i viker og våger langs kysten vår.

Matrestar i toalettet blir til det finaste koldt bord for rotter lenger ute i leidningsanlegget. Dette er ein ståande invitasjon til julebord for rottene, som vil stortrivast og bli mange fleire. Utan tilgang til mat, vil heller ikkje rotter trivast. Dei et ikkje bæsj.

Ekstrakostnadane med opprydding, driftsproblem og unødvendig reinseutstyr er det til slutt dykk som abonnentar som til slutt må betale. For at vi skal kunne halde avløpsavgiftene så låge som mogleg er vi avhengig av hjelp. Ein god dokultur er difor ein god start.

Bæsj, tiss og dopapir er det einaste som skal i do!



Iglo til glas- og metall-emballasje

Det er i Øygarden sett ut nye igloar til glas- og metallemballasje på returpunktet. Alle igloane har eit innkasthol på 16 cm i diameter. Dette fordi det berre er emballasje som vert kasta her. Andre metallgjenstandar som steikepanner, kjelar og liknande skal ikkje her. Slike metall skal leverast på gjenbruksstasjonen i Lonavegen 20. Det same gjelder for keramikk, speil og vindauge. Desse tingene er ikkje glasemballasje og skal leverast på gjenbruksstasjonen. Vi håper igloane vil bidra til auka innsamling av glas- og metall-emballasje.


Kundekort til gjenbruksstasjonen

Kundekort for å levere på gjenbruksstasjonen får du nå i Lonavegen 20. Ring gjerne å bestill kort før du skal levere, så har vi det klart til deg når du kjem.



Last ned FjellVAR-appen

App med informasjon om tømmekalender, opningstider, returpunkt med meir kan lastas ned i Appstore eller i Google Play. Søk opp FjellVAR og vel kommune etter installasjon.



Henting av matavfall kvar veke i sommar

Vi minner om at matavfallspannet vert tømt kvar veke i månadane juni, juli og august. Dette for å unngå store luktplager - både for deg som eig spannet og for dei som tømmer det!



Treng du nye posar?

Ny rull med bioposar til matavfall får du lagt på spannet for matavfall på tømmedagen viss du knyter ein pose på det brune spannet. Treng du nye sekkar for hushaldsplast, kan du hente dei hos FjellVAR i Lonavegen 20 eller på Øygarden rådhus på Rong.

Oske og støv

Fukt oske og støv i restavfallsposen med vatn. Bruk gjerne ein ekstra pose og knyt dobbelknute. Fukt òg støvsugarposane, så vi ikkje grisar til tømmestaden. Takk for hjelpen!

Kvífor er ikkje spannet tømt?

Renovatøren kjem framover til å nytte informasjonslapper for å gi tilbakemelding om bossspanna ikkje er godt nok sortert. Det vil då koma fram av lappen kva som må bli betre i dykkar spann. Ved nokon høve vel renovatørane å ikkje tømme spannet. Det kan til dømes vere at det ligg plast og/eller restavfall i matspannet. Riktig sortering er viktig for at avfallet vert nytta slik det er tenkt. Matavfallet går til dømes til biogassproduksjon og det kan då ikkje bestå av uorganisk avfall.



Hjelp renovatørane

I løpet av eit år tømmer renovatørane veldig mange spann, og renovatørane er svært opptatt av god tryggleik og godt arbeidsmiljø. Men, for å gjere ein enda betre og sikrare jobb for oss, oppfordrar dei alle husstandar til å hjelpe til med å gjere boss-tømminga enklare ved å tenkja på følgjande:

Klipp hekkar og trær

I vekstsesongen kan vegar som frå før er smale, verte heilt uframkommeleg.

Ikkje fyll spannet meir enn at loket kan lukkast

Overfylte spann kan føre til forsøpling rundt spannet, og fuglar og dyr får tilgang til bosset. Dersom behaldaren din er for liten, kan du tinge større spann hos FjellVAR.

Hald matavfallspannet reint og unngå lukt

Legg gjerne litt avispapir eller eggekartong i botnen av spannet. Avfall frå fisk og skaldyr kan frysast ned fram til hentedagen. Du kan dusje litt tynn eddikblanding over matavfallet for å unngå lukt. Hugs å knyte matavfallsposen godt igjen før du hiv den i spannet.



Illustrasjon av Solveig Andersen, IBOX AS, Stord NRF 66

Vatn til tomme brønnar

Dersom du i løpet av sommaren skulle gå tom for vatn er det ikkje nokon grunn til å fortvila. Øygarden brann og redning kan hjelpa deg med vatn. Dei tappar frå det kommunale vassnettet og pumper det over i din brønn.

**For meir informasjon, kontakt Øygarden brann og redning
www.oybr.no**

Hald det reint og ryddig

Fjell og Øygarden kommune har masse nydeleg natur, friluftsområde og flotte hytteområde som både vi og tilreisande veit å setja pris på. Hjelp oss å halda det reint og ryddig i kommunane våre.

Friluftsområde

Rydd etter besøk på badeplassane og bruk dei utsatte bura til eingongsgrillar.



Returpunkt for hytterenovasjon

Vi opplever stadig at nokon prøver å kvitte seg med avfall, ved å dumpe det ved sida av våre returpunkt eller spann til hytterenovasjon. Vi vil på det sterkeste råde alle frå å drive med slik forsøpling.

FjellVAR er opptatt av at returpunkt skal sjå ryddige og skikkelege ut. Vi reiser derfor rutinemessig ut og ryddar og ordnar på returpunkt, når vi får inn melding om at ein opprydding er naudsynt. Nå har det likevel blitt så omfattande forsøpling at vi må be folk følgja med og ringe oss når ein ser slik forsøpling.

Fretex-skapa

Vi sett pris på at de nyttar skapa til Fretex for kassert tøy, tekstilar og sko. Men - ikkje plasser møbler, senger og syklar føre skapa. Det vil berre bidra til forsøpling rundt felles returpunkt, då det ikkje kan tas med på bilane som tømmer skapa.

Følg oss på Facebook og få oppdatert informasjon!



TØMMEKALENDER - ØYGARDEN

1. JULI - 31. DESEMBER 2018

	Restavfall
	Papir-/plastavfall
	Matavfall

1 - 5	Sonenr.	Mitt sone nr:
Min tømmedag for mat- /restavfall:		
Min tømmedag for papir/plastavfall:		

SONE 1
Frå Hellesøy
til Hovden

SONE 2
Frå Sturekrysset
til Straumøy

SONE 3
Oøy, Herdlevær
og Blomøy

SONE 4
Frå Ulvesundet
bru til Ronge-
sundet bru

SONE 5
Frå Rongesundet
bru til grense Fjell
kommune

GJENBRUKSSTASJONEN

Lonavegen 20, Straume

Mandag	09-19
Tysdag, onsdag, fredag	09-15
Torsdag	09-19
Laurdag (mars-sept.)	09-16

1 SØ	
2 MA	
3 TY	
4 ON	S 5
5 TO	S 1-4
6 FR	S 2
7 LØ	
8 SØ	
9 MA	S 3 S 3
10 TY	S 4 S 4
11 ON	S 5 S 5 S 5
12 TO	S 1-4
13 FR	S 1 S 1
14 LØ	
15 SØ	
16 MA	
17 TY	
18 ON	S 5
19 TO	S 1-4
20 FR	S 2 S 2
21 LØ	
22 SØ	
23 MA	S 3
24 TY	S 4
25 ON	S 5 S 5
26 TO	S 1-4
27 FR	S 1
28 LØ	
29 SØ	
27 MA	
31 TY	

1 ON	S 5
2 TO	S 1-4
3 FR	S 2
4 LØ	
5 SØ	
6 MA	S 3 S 3
7 TY	S 4 S 4
8 ON	S 5 S 5 S 5
9 TO	S 1-4
10 FR	S 1 S 1
11 LØ	
12 SØ	
13 MA	
14 TY	
15 ON	S 5
16 TO	S 1-4
17 FR	S 2 S 2
18 LØ	
19 SØ	
20 MA	S 3
21 TY	S 4
22 ON	S 5 S 5
23 TO	S 1-4
24 FR	S 1
25 LØ	
26 SØ	
27 MA	
28 TY	
29 ON	S 5
30 TO	S 1-4
31 FR	S 2

35	1 LØ		
2 SØ			
3 MA	S 3 S 3		
4 TY	S 4 S 4		
5 ON	S 5 S 5 S 5	S 5	
6 TO	S 1-4		
7 FR	S 1 S 1		
8 ON			
9 SØ			
10 MA			
11 TY			
12 ON			
13 TO			
14 FR	S 2 S 2		
15 LØ			
16 SØ			
17 MA	S 3		
18 TY	S 4		
19 ON	S 5 S 5		
20 TO	S 1-4		
21 FR	S 1		
22 LØ			
23 SØ			
24 MA			
25 TY			
26 ON			
27 TO			
28 FR	S 2		
29 LØ			
30 SØ			

44	1 MA	S 3 S 3	
1 LØ	S 4 S 4		
2 TY	S 5 S 5 S 5		
3 ON			
4 TO	S 1-4		
5 FR	S 1 S 1		
6 LØ			
7 SØ			
8 MA			
9 TY			
10 ON			
11 TO			
12 FR	S 2 S 2		
13 LØ			
14 SØ			
15 MA	S 3		
16 TY	S 4		
17 ON	S 5 S 5		
18 TO	S 1-4		
19 FR	S 1		
20 LØ			
21 SØ			
22 MA			
23 TY			
24 ON			
25 TO			
26 FR	S 2		
27 LØ			
28 SØ			
29 MA	S 3 S 3		
30 TY	S 4 S 4		
31 ON	S 5 S 5 S 5	S 5	

45	1 TO	S 1-4	
2 FR	S 1 S 1		
3 LØ			
4 SØ			
5 MA			
6 TY			
7 ON			
8 TO			
9 FR	S 2 S 2		
10 LØ			
11 SØ			
12 MA	S 3		
13 TY	S 4		
14 ON	S 5 S 5		
15 TO	S 1-4		
16 FR	S 1		
17 LØ			
18 SØ			
19 MA			
20 TY			
21 ON			
22 TO			
23 FR	S 2		
24 LØ			
25 SØ			
26 MA	S 3 S 3		
27 TY	S 4 S 4		
28 ON	S 5 S 5 S 5	S 5	
29 TO	S 1-4		
30 FR	S 1 S 1		
31 SØ			

46	1 LØ		
2 SØ			
3 MA			
4 TY			
5 ON			
6 TO			
7 FR	S 2 S 2		
8 LØ			
9 SØ			
10 MA	S 3		
11 TY	S 4		
12 ON	S 5 S 5	S 5	
13 TO	S 1-4		
14 FR	S 1		
15 LØ			
16 SØ			
17 MA			
18 TY			
19 ON			
20 TO			
21 FR	S 2		
22 LØ			
23 SØ			
24 MA	S 3 S 3		
25 TY	1. JULEDAG		
26 ON	2. JULEDAG		
27 TO	S 1-5		
28 FR	S 1 S 1		
29 LØ			
30 SØ			

MATAVFALETT MÅ IKKJE KASTAST I RESTAVFALLET!

HUGS Å SETTE UT SEKKEN MED PLAST SAMAN MED PAPIRET!

EKSTRASEKK I JULE- OG NYTTÅRSHELGA

FjellVAR innfører prøveordning med utsending av ekstrasekker i samband med restavfalls-
henting i romjula. Dei som vert råka får tilsendt ein ekstrasekk som kan setjast ut saman
med restavfallet fyrste ordinære hentedag etter jule- og nyttårshelga.